

## UTLÅNSREGLAR FOR FOLKEBIBLIOTEKA I KINN:

### Florø folkebibliotek og Vågsøy folkebibliotek

#### Reglement:

- Alle med fast adresse i Noreg kan få lånekort. Barn under 15 år må ha signatur av føresette for å få lånekort.
- Utanlandske lånarar kan få eige kort, dersom dei anten har norsk personnummer, D-nummer (utanlandsk statsborgar som skattar til Noreg) eller DUF-nummer (innvandrarak og asylsøkjarak).
- Lån til skuleklassar skal ha ein lærar som ansvarleg for materialet, og evt. tap skal erstattast av skulen.
- Normal lånetid er 4 veker. Det er høve til å fornye lånet. Lånetid for video er 1 veke ved Vågsøy folkebibliotek og 2 veker ved Florø folkebibliotek, og kan fornyast ein gong.
- Utlånt materiale kan reserverast om lånar ønskjer det. Biblioteket kan prøve å låne inn bøker frå andre bibliotek, dersom boka ikkje finst hos oss.
- Lånaren er ansvarleg for all skade på materiale som er lånt på vedkommande sitt lånekort, og pliktar å betale vederlag dersom dokumenta vert skada eller tapt på anna vis. Føresette er ansvarlege for barna sine lån.

*Biblioteket er ikkje ansvarleg for skade som måtte oppstå på avspelingsutstyr.*

#### Internett:

Ein kan bruke internett inntil 10 min. Dersom ingen andre ventar på å bruke maskina, er det høve til å sitje lenger. Det trådlause internettet på biblioteket kan nyttast på eige utstyr.

#### Purring / gebyr:

Biblioteket sender ut 3 varsel på dokument som ikkje er levert attende til rett tid. Det 4. varselet er rekning for tapt materiale. Rekninga vert sendt økonomiseksjonen i Kinn kommune, som tek ansvar for innkrevjinga. Standardpris for ei tapt vaksenbok er 500 kr og for barnebok 300 kr. Ved fjernlån gjeld eigarbiblioteket sine satsar.

Ved tapt lånekort kostar nytt lånekort 20 kr.